



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: 27.05.2025 kl 18:00 – Stad: Formannskapssalen, rådhuset i Odda

Desse møtte: Jarle Rasmussen (leiar), Geir Utne (vara for Per Helge Sekse), Britha Sandal, Jonas Aakre

Forfall: Anette Torvund, Per Helge Sekse, John Helge Rasmussen (vara for Anette Torvund)

Andre til stades på møte: Eirik V. Dørheim (sekretær)

Publisert: 13.06.2025

Saker til styremøtet:

13/25: Orientering	2
14/25: Sak vedrørende søknad om riving og oppføring av ny jakt- og fiskebu ved Øvre Krokavasshadle.....	7
15/24: Fredningssoner	9
16/25: Reinsjakta 2025	11
17/25: Driftsplan for fiske på Ullensvang statsallmenning	13
18/25: Gjennomgang fiskereglar på Ullensvang statsallmenning	14
19/25: Hytteutleige 2025	16
20/25: Jegerkafé.....	17
21/25: Revidering budsjett Ullensvang fjellstyre	18
22/25: Eventuelt.....	19

Jarle Rasmussen /s/

Geir Utne /s/

Jonas Aakre /s/

Britha Sandal /s/



13/25: Orientering

Saksdokument:

Postliste:

- 2025.02.27-652.1-Røldal fjellstyre-Fiskeutsetting i Holmavatnet
- 2025.02.27-145.4-Ullensvang fjellstyre-Søknad grunneigarfondet jegerprøvekurs
- 2025.02.28-145.4-Ullensvang fjellstyre-Søknad grunneigarfondet midlar til solcelleanlegg
- 2025.02.28-145.4-Ullensvang fjellstyre-Søknad grunneigarfondet midlar til hytte med naustdel Raudåna
-
- 2025.03.04-017-Øvre Numedal fjellstyre-Møtebok fra siste fjellstyremøte- 29.10.24
- 2025.03.06-145.9-VFK-Sluttutbetaling for INNFISK-092-24 Bestandsreducerande tiltak, frå Tilskot til tiltak for innlandsfisk
- 2025.03.10-612.3-Villreinutvalet-Rettet Invitasjon og program vårmøte Hardangervidda 2025
- 2025.03.12-012.1.2.-Statskog-Spørsmål knytt til saker frå møte i Ullensvang fjellstyre 28. november 2024
- 2025.03.13-612.0-Røldal fjellstyre-Angaande søknad om støtte frå viltfondet
- 2025.03.14-362.1-Statsforvaltaren i Vestland - Uttale til riving av eksisterande hytte og oppføring av nytt bygg ved Kvennsjøen
- 2025.03.17-323-Ullensvang kommune-Varsel om oppstart av detaljereguleringsplan for parkeringsområde i Valldalen
- 2025.03.17-612.3-Ullensvang fjellstyre-Høyringsvar Ullensvang fjellstyre villreinkvote 2025
- 2025.03.17-612.3-Villreinutvalet-Bekreftelse på motatt høyringsvar Ullensvang fjellstyre villreinkvote 2025
- 2025.03.18-035.2-Ullensvang fjellstyre-Forslag til tilnærming på fjellstyre sitt plassbehov i fjellstyrenaustet Bjørnavassbu revidert
- 2025.03.18-017-Eidfjord fjellstyre-Endring av prisar på jakt fiske og hyttebruk
- 2025.03.19-046.1-Ullensvang fjellstyre - Årsmelding 2024
- 2025.03.21-652.4-Ullensvang kommune-Invitasjon til kurs i utfisking av overbefolka innlandsvatn
- 2025.03.21-434-Tilsynsutvalet-Løyve til motorisert ferdsel i utmark ifbm uthenting av båtvrak
- 2025.03.24-017-Eidfjord fjellstyre-Møtebok 05.03.2025
- 2025.03.26-145.9-Røldal fjellstyre-Søknad friluftsmidler
- 2025.03.27-145.9-Førespurnad om utbetaling av gåve Opprydding i gamle og innkjøp av nye båtar til Ullensvang statsallmenning
- 2025.03.27-642.1-Ullensvang fjellstyre-Prisjustering fellesfiskekortet
- 2025.03.27-145.9-Ullensvang fjellstyre - Søknad om midlar til Villreindagar - Sparebankstiftinga Hardanger
- 2025.03.27-152.3-Gjensidige - Ullensvang Fjellstyre - Fornytt tilbud
- 2025.03.27-145.9-Ullensvang fjellstyre-Tilskotsordning-Friluftshovudstaden-jegerprøvekurs
- 2025.03.31-035.2.-Statskog-SV Spørsmål rundt løyve gitt til bygging av Bjørnavassbu og eventuelle rettigheter Hovlandstølen måtte ha i naust
-
- 2025.04.01-035.2-Knut Nistov-Svar forslag til tilnærming på fjellstyre sitt plassbehov i fjellstyrenaustet Bjørnavassbu revidert
- 2025.04.01-145.9-Ullensvang fjellstyre-søknad friluftshovudstaden - villreindagar
- 2025.04.01-145.9-Ullensvang fjellstyre-søknad om tiltak for barn og unge
- 2025.04.02-017-Øvre Numedal fjellstyre-Møtebok 20.03.25
- 2025.04.04-145.9-Sparebankstiftinga Hardanger-utbetaling av gåve
- 2025.04.02-652.4-VFK-Kurs i innlandsfiske 14-15.6.2025
- 2025.04.02-012.1.2-Ullensvang fjellstyre -Møtebok Teamsmøte 01.04.2025
- 2025.04.03-352.3-Statskog-VS Ullensvang kommune -nabovarsel - oppgradering av sti mellom Gryteskar og Trolltunga - Trolltunga AS
- 2025.04.03-362.1-Statskog-Felles møte for leder av fjellstyrene daglig leder-sekretær



og Statskog SF for Fjellstyra på Hardangervidda

2025.04.04-612.3-Villreinutvalet-Presentasjoner vårmøtet Ullensvang 1

2025.04.04-612.3-Villreinutvalet-Presentasjoner vårmøtet Ullensvang 2

2025.04.04-612.3-Villreinutvalet-Presentasjoner vårmøtet Ullensvang 3

2025.04.04-612.3-Villreinutvalet-Anbefaling villreinkvote Hardangervidda 2025

2025.04.04-145.9-Sparebankstiftinga Hardanger-utbetaling av gåve

2025.04.04-035.4-Ullensvang kommune-Avslag på søknad om riving av eksisternade fjellstyrehytte og oppføring av ny hytte med naustdel

2025.04.05-612.3-Villreinutvalet-Protokoll årsmøte 28 03 2025

2025.04.05-612.3-Villreinutvalet-Vedtekter vedtatt 28.03.2025

2025.04.16-145.9-Vestland fylkeskommune-Vedtak om tilskot til prosjekt Tiltak som fremjar innlandsfiske og reduserer bestandstetleik i Tuevotni

2025.04.16-642.9-Stavali turisthytte-Spørsmål om fiskekort

2025.04.23-02.-Ullensvang fjellstyre-Informasjon til Ullensvang kommune om planlagte Villreindagar

2025.04.25-02.-Ullensvang kommune-SV Informasjon til Ullensvang kommune om planlagte Villreindagar

2025.04.25-017-Eidfjord fjellstyre-Varsel om endring av fiskereglar for stongfiske i Eidfjord statsallmenning

2025.04.29-012.1.2.-Ullensvang fjellstyre -Møtebok fjellstyremøte 10.03.2025

2025.04.29-011.8.-Statskog-Invitasjon til orientering vedr. registrering av forskjellige type bebyggelse på statsallmenninger i henhold til avtaler rundskriv og lovverk

2025.04.29-02.-Ullensvang fjellstyre-Informasjon til Røldal fjellstyre vedr. Villreindagar

2025.04.30-612.3.-Villreinutvalet-Info om folkemøte vedr Dyranuttunellen på Bergensveien Rv7 over Hardangervidda

2025.04.30-011.8-Statskog-Kommentar ref. til møtebok fra 10.mars 2025

2025.05.01-035.2-J.H. Ragde-Svar-Forslag til tilnærming på fjellstyre sitt plassbehov i fjellstyrenaustet Bjørnavassbu

2025.05.05-011.8-Statskog-Dokumentasjon innsendt årsregnskap fjellstyrer

2025.05.05-035.1-Ullensvang fjellstyre-gnr. 255 bnr. 1 Raudåna ved Kvennsjøen i Ullensvang kommune
- Hardangervidda nasjonalpark

2025.05.02-362.1-NFS-Buer oppført før 1920 og flytting til ny tomt

2025.05.06-145.9-Ullensvang kommune- Tilsagn om tilskot - Aktivitetstilskot barn og unge 2025

2025.05.06-035.1-Statsforvaltaren i Vestland-gnr. 255 bnr. 1 Raudåna ved Kvennsjøen i Ullensvang kommune
- Hardangervidda nasjonalpark

2025.05.06-612.0-Torpa fjellstyre-Søknader og trekning storviltjakt via Inatur 2025

2025.05.07-612.1-Torgils Eide-Samjakt 2025

2025.05.12-NFS-Møte ang Folgefonna

2025.05.15-011.8-Statskog-Utstatt møtetidspunkt

2025.05.15-145.4-Grunneigarfondet-Avslag på søknad - Verdiskaping med Statskog 2025 - Raudåna naust med overnattingsdel

2025.05.15-145.4-Grunneigarfondet-Avslag på søknad - Verdiskaping med Statskog 2025 - Jegerprøvekurs

2025.05.16-02-Tide Buss -Spørsmål om busskapasitet ifbm Villreindagar

2025.05.16-145.9-Sparebankstiftinga-Avslag på søknaden din til Sparebankstiftinga Hardanger

2025.05.20-31.-Faun naturforvaltning-Søknad om løyve til å sette opp 3 viltkameraer i Ullensvang statsallmenning

2025.05.20-31.-Statskog-VS Søknad om løyve til å sette opp 3 viltkameraer i Ullensvang
statsallmenning for 2025 beitesesongen



Saksutgreiing:

- Gjennomgang av postlista på møtet
- Orientering rundt:
 - Rutiner for saksbehandling og drift
 - Jegerprøvekurs
 - Villreindagar
 - Moglegheiter for skotpremie på raudrev
 - Gjennomgang av tildelte gåver/midlar sidan førre møte
 - Arbeidet på hyttene i vinter
 - Hytter ved Langavatnet – status
 - Status Bjørnavassbu – leige av båtplass
 - Byggesak hytte med naust-del på Raudåna
 - Forespørsel om viltkamera på statsallmenningen – Faun Naturforvaltning
 - Nye fryseboksar på fjellstyrehyttene – salg av dei gamle.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

John Helge møtte ikkje grunna misforståing rundt innkallinga.

Gjennomgang av postlista ved leiar.

Gjennomgang av orientering:

- **Orientering og gjennomgang av rutiner for saksbehandling og dagleg drift**
Gjennomgang av rutiner for saksbehandlinga ved sekretær og den daglige drift ved leiar. Leiar viste oppsett for organiseringa av drifta av fjellstyre.
- **Jegerprøvekurset:**
Fyrste helga gjennomført, gode tilbakemeldingar frå deltakarar og instruktør. Folk frå heile kommunen deltek og det er kjekt at mange unge deltar og ynskjer å ta kurset. Eksamen blir 5 juni i Odda. Orientering rundt ordninga med arrangement av jegerprøvekurs.
- **Villreindagar:**
Orientering rundt status ved Villreindagane. Ullensvang fjellstyre har invitert alle 6. klassane i Ullensvang kommune til ein «Villreindag». Norsk Villreinsenter og Hardangervidda Fjelloppsyn står for gjennomføringa av dagane. Skuleklassane blir fordelt på to dagar, 16. og 17. juni, og planen er å være på Korlevoll skistadion. Fjellstyre har fått tildelt midlar til prosjektet frå Ullensvang kommune og Norges fjellstyresamband (NFS). Alle skulane ynskjer å delta, og sekretær arbeidar med organisering av buss og informasjonsskriv til skulane.



- **Skotpremie:**

Orientering rundt skotpremie-ordning. Sekretær har undersøkt dette ref. forespørsel under møte 10. mars. Sekretær har vore i kontakt med kommunen og sekretær for Eidfjord fjellstyre som har ei slik ordning i dag. Orientering rundt korleis dette fungere hjå Eidfjord fjellstyre, og tilbakemelding frå kommunen. Innspel om at dersom ein får ekstern finansiering kan dette være aktuelt å få til hjå Ullensvang fjellstyre også. Sekretær undersøker nærmare rundt finansiering ved kommunen eller andre aktørar.

- **Gjennomgang av tildelte gåver/midlar sidan førre møte:**

Orientering ved leiar om omsøkte og tildelte midlar. Fjellstyre er blitt tildelt midlar til «villreindagar», jegerprøvekurs, kultiveringstiltak for fiske, forbrenningsomnar og solcelle-anlegg.

- **Arbeid på hyttene i vinter:**

Leiar orienterte rundt båtvrakprosjektet med innkjøp og transport av nye båtar, samt henting av båtvrak.

- Nye solcelle anlegg er komme på plass på Nauste, Raudåna og Belebu, Alle gassfryseboksane er nå bytta ut med nye som går på straum,
- Det er komme båtstø ved Persbu.
- Det er gjennomført service på alle båtmotorane - innspel om at ein heller skal gå over til service anna kvart år.
- Nye båtar er komme til Tuevatna samt tønner med garn.
- Småmaska garn til tynningsfiske er komme inn på alle hyttene.
- Pipa på Persbu er blitt tetta utvendig. På uthuset på Persbu er det komme inn lufting til doen.
- Generell rydding og nedvask på hyttene, samt transport av ved og gass til hyttene.
- På Raudåna er det lagt golv i uthuset, sett opp rastebenk ute og komme inn vedkassar.
- På Rogdabu er døra fiksa, og det er blitt rydda innvendig. Innspel frå leiar om å flytte det gamle solcelleanlegget frå uthuset på Belebu til Rogabu for å få straum der.
- På Naustet er det blitt rydda ute i naust-delen og båtane er blitt sortert. Det er lagt inn straum og lysarmaturar i naustdelen.
- På Holmavassbu er det transportert inn diverse forbruksmateriell.



- **Hyttene ved Langavatnet**

Orientering ved leiar og sekretær rundt steinbua Langavassbui, som vart restaurert rundt 2006, og sikringshytta i Båsdalen som vart sett opp rundt 2009. Hyttene er bygt/restaurert av gamle Odda kommune og blant kriteriene for tiltaka var mellom anna at fjellstyre skulle stå som eigar av hyttene ettersom dei står på statsallmenning. Per nå er ikkje hyttene i Statskog sitt register. Leiar har kontakta kommunen om saka. Det arbeidast vidare med saka for å få alt det formelle i orden.

- **Båtane ved Bjørnavassbu:**

Orientering rundt saka ved leiar og framgang sidan sist møte.

- **Byggesak hytte med naust-del på Raudåna:**

Orientering rundt saka ved leiar. Fjellstyre fekk avslag frå Statsforvaltaren om riving og bygging av ny hytte ved Raudåna. Leiar og sekretær har hatt eit møte med Statsforvaltaren og tilsynsutvalet og arbeidar vidare med saka for å sjå på eventuelle løysningar.

- **Viltkamera på statsallmenningen**

Orientering rundt saka ved sekretær.

- **Gassfryseboksar**

Fjellstyre har kjøpt inn nye fryseboksar og har då bytta ut dei «gamle» gassfryseboksane. Gassfryseboksane vart kjøpt inn for nokre år sidan og er i så måte nye og i god tilstand. Forslag frå leiar om å selje dei tre gassfryseboksane for 3500 kr pr stk. Leiar veit om potensiele kjøparar til to av fryseboksane, Jonas undersøker rundt den siste.

Vedtak (sak 13/25)

Fjellstyre tek orienteringane til vitande.

- Sekretær undersøker nærmare rundt finansiering ved kommunen eller andre aktørar vedrørande skotpremie.
- Jonas undersøker rundt innkjøp av forbrenningsomnar
- Leiar og sekretær arbeidar vidare med saka vedrørande hyttene ved Langavatnet.
- Leiar og sekretær arbeidar vidare med saka vedrørande båtane på Bjørnavassbu.
- Leiar og sekretær arbeidar vidare med saka om riving og oppsetting av ny hytte med eventuelt naust på Raudåna etter innspel frå Statsforvaltaren.
- Fjellstyre vedtek å gi Faun Naturforvaltning løyve til å sette opp viltkamera i forbindelse med forskingsprosjektet på salteplassane for sau. Løyve blir gitt på same premisser som sist. Fjellstyre ber om å få tilsendt rapport og resultata frå årets observasjonar.
- Fjellstyre gir leiar fullmakt til å selje gassfryseboksane.

Samrøystes.



14/25: Sak vedrørende søknad om riving og oppføring av ny jakt- og fiskebu ved Øvre Krokavasshadle

Saksdokument:

- 2025.03.04-012.1-Statskog-Vedr. Statskog sin uttalelse om bygging av ny hytte med ny plassering ved Øvsta Krokavasshadle
- 2025.03.04-Hytteiegane Ø. Krokavasshadle-Epost vedr. bygging og flytting av hytte
- 2025.05.03-362.1-Utklipp henta frå rundskrivsamling- jakt og fiskehytter oppført før 1920
- Rundskrivsamling - Jakt- og fiskehytter oppført før 1920

Saksutgreiing:

Statskog mottok i 2023 ein søknad frå rettshavarane til jakt- og fiskebua ved Øvre Krokavasshadle om å få rive eksisterande bygning og oppføre ny bu som erstatning. Grunnlaget for søknaden var omfattande skadar på eksisterande bygning, som ifølgje takstmann skuldast vêrtilhøve vinteren 2022/2023. Den gamle bua, oppført på 1980-talet og utvida i 1995, har eit areal på 40 m². Søkarane ønskte å føre opp ei ny bu på 49,4 m² med betongfundament, samt flytte ho ca. 10 meter aust og 7 meter sør frå eksisterande plassering.

Bua har status som avgiftsfri, basert på rettar heimla i eldre brukstradisjonar og dommen Rt. 1948 s. 533 (Eidfjorddommen). Bygget høyrer til fire landbrukseigedomar i Ullensvang.

Saka var oppe til behandling i fjellstyret 27. februar 2024. Det vart då gjeve ei fagleg uttale i samsvar med fjellova § 12, der det vart vurdert at tiltaket ikkje ville medføre "vesentleg skade" for andre bruksrettshavarar. Det vart vidare peika på at dette ikkje innebar auka byggetal i området, men ein erstatning for eit eksisterande bygg, og at det dreidde seg om ein velgrunna og historisk rett.

Statskog behandla søknaden i fleire omgonger (brev 10.04.2024, e-post 10.07.2024 og nytt brev 21.02.2025). Statskog har avslått søknaden om flytting og utviding av bygget. I vedtaket peikar Statskog på at retten til bygget er basert på ein avgiftsfri erklæring, ikkje tomtefeste, og at ei slik rett ikkje gir heimel for nybygg eller flytting til annan tomt. Statskog opprettheld at bygget kan gjenoppførast i same storleik og på same plassering, men ikkje flyttast. Statskog visar vidare til at søkarane må vurdere å gjere om rettigheiten til eit ordinært festeforhold etter Tomtefesteloven, dersom dei ynskjer å flytte bua.

Søkarane har no bedt om at fjellstyret, tilsynsutvalet og andre aktuelle instansar tek saka om flytting av hytta vidare. Dei meiner det ligg føre ei forskjellsbehandling, då dei viser til at liknande saker har fått godkjenning frå Statskog i fortida – også med flytting og oppføring av ny hytte på ny tomt, trass i avgiftsfri erklæring.

Fjellstyret si rolle i slike saker er etter fjellova § 12 å vurdere om eit tiltak vil føre til vesentleg skade for bruksrettshavarar. Det er Statskog som grunneigar som handsamar og avgjer søknadar om nybygg, flytting og rivning i statsallmenningen, og som forvaltar eigeomsretten.



Fjellstyret si tidlegare vurdering i saka la til grunn at det ikkje ville vere skade for andre bruksrettshavarar, og at det dreidde seg om ei erstatning for eksisterande bygg med historisk rett. Vurderinga tok også høgde for at det var behov for eit meir robust bygg grunna skadar på eksisterande byggning.

Som ledd i saksutgreiinga har sekretær vore i kontakt med Norges Fjellstyresamband (NFS) for å innhente råd i vurderinga av saka. NFS viser til lang praksis og tolking av rettstilstanden knytt til buer bygd før 1920 i statsallmenning, slik det mellom anna er nedfelt i retningslinjene frå Direktoratet for Statens Skoger (rundskriv MA 18/87), samt tolka i lys av Eidfjorddommen frå 1948 og etterfølgande rettspraksis (Rt-1986-148).

NFS er kritiske til ei utvikling der slike rettar vert omgjort til ordinære festeforhold med fritt omsetjelege kontraktar, noko som etter deira syn ikkje er i tråd med fjellova § 2.

Sekretær har også gått gjennom dokument frå tidlegare saker der Statskog har gitt løyve til flytting av hytter med avgiftsfrie feste på statsallmenningen.

Fjellstyre må vurdere vidare behandling av saka.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Referat:

Jonas Aakre er inhabil i saka.

Gjennomgang av saksutgreiinga ved sekretær. Sekretær og leiar har vore i kontakt med Statskog og NFS om saka. Statskog viser til gjeldande rettspraksis og rundskrivet (som vist til i saksdokumenta) som bakgrunnen for deira vurdering i saka.

Vidare diskusjon rundt saka.

Det vart presisert kva handlingsrom fjellstyre har i saka. Fjellstyre sitt handlingsrom er svært begrensa. Det er Statskog som grunneigar som har beslutningsgrunnlaget.

Fjellstyre kan utrykke seg i saka, men beslutninga ligg hjå Statskog.

Vedtak (sak 14/25)

Fjellstyre konkluderer med at det diverre ikkje er nokon vidare opning for påvirkning i saka frå fjellstyre.

Fjellstyre gir skriftleg tilbakemelding til rettighetshaverane om dette.

Samrøystes.



15/24: Fredningssoner

Saksdokument:

- *Forslag til ny korridor Nord 2025*
- *Forslag til ny korridor Sør*
- *Villreinutvalet - Kortanalyse 2020*
- *Forskrift om telt- og leirslåing*
- *GPS-posisjonar villreinjakta 2010 – 2024*

Saksutgreiing:

Det er i dag etablert to fredningssoner i Ullensvang statsallmenning i samband med villreinjakt på Hardangervidda – ei i nord rundt Hansbu og ei i sør ved Bjørnavassdraget. Sonene vart fyrst oppretta i 2013, og har hatt ulik utforming opp gjennom åra. Føremålet med desse sonene har vore å støtte opp under trekkmønsteret til villreinen, særleg for å legge til rette for vestleg trekk og redusere menneskeleg forstyring i sentrale område for reinen under jakta, som ved vassdraga Kvenna og Bjønna.

Leiar og eit styremedlem har bede om at det vert sett opp ei sak for vurdering av moglege justeringar i desse sonene. Bakgrunnen er ønske om ei meir adaptiv forvaltning der sonene vert evaluert og tilpassa etter effekt og faktiske tilhøve i felt.

Leiar og styremedlem har utarbeida forslag til justeringar, sjå vedlagt saksdokument. Styremedlem og sakshandsamar har hatt dialog med villreinutvalet og andre som har sett korleis situasjonen var før og etter at desse sonene vart innført, samt korleis jakta har utvikla seg over tid, og korleis situasjonen er i dag.

Vidare visar ein til vedlagt saksdokument: «Villreinutvalet – kortanalyse 2020». På side 12 står det beskrive erfaringar knytt til effekten av fredningssonene basert på fellingsresultat og vandranga til GPS merka dyr under jakta i 2020. Sakshandsamar har også henta ut kartutsnitt som visar posisjonane til GPS merka dyr under jakta i åra 2010, 2012, 2015, 2018, 2020, 2022 og 2024, i saksdokument «GPS-posisjonar villreinjakta 2010 – 2024». Kartutsnitta er henta frå kortanalysane til Villreinutvalet frå dei gitte åra. Dette er ingen vitenskapleg analyse, men meint for å gi eit enkelt bilete av bevegelsar til reinen under jakta i enkelte av åra før og etter sonene vart innført, og vidare etter kvart som sonene er blitt endra.

Eventuelle endringar som vert bestemt av fjellstyre bør leggjast ut på høyring, før eit eventuelt vedtak.

Som eit moment i saka om fredningssonene har leiar også bedt om at ein ser på korleis dagens ordning med telt plassar under villreinjakta fungere, og om ein skulle sett på eventuelle endringar. Slik det er i dag er det berre tiltalte for reinsjegerar å telte nær gitte område, der det også er hytter. Dette er regulert i «Forskrift om telt- og leirslåing innen Eidfjord, Ullensvang og Røldal statsallmenninger, Hordaland» (sjå vedlagt saksdokument). Hensikten med dette er å samle folk der det allereie er hytter og aktivitet, framfor ute i terrenget.

Andre stader på vidda er teltinga regulert med eigne forbudssoner, framfor bestemte telt plasser.



Ein gjer merksam om at ei eventuell endring av lokal forskrift vil truleg være eit noko omfattande arbeid, som ville tatt meir tid enn endring av fredningssonene.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiinga ved sekretær og leiar.

Gjennomgang av forslaga til endringar i fredningssonene med forklaring rundt bakgrunnen for desse endringane.

Styremedlem orienterte rundt forslag til endring av fredningssonene i Nord og viste dette på kart. Bakgrunnen er mindre jegerkonsentrasjonar, og utfordringar med terrenget der grensene til fredningssonene i dag ligger.

Diskusjon rundt korleis dagens fredningssoner fungerer og korleis jakta dei siste åra har vore i dette område. Fellingsstatistikken visar at det er felt lite dyr rundt Hansbu dei siste åra. Tal frå hytteutleige på Hansbu under jakta visar også at dette ikkje er mykje nytta av jegerar.

Konklusjonen er at jegerkonsentrasjonen på Hansbu har endra seg, og er i dag mindre enn det var. Einigheit om at ein må sjå fredningssonene i lys av dagens situasjon og ha ei adaptiv forvaltning.

Leiar orienterte rundt forslag til endringar av fredningssona i Sør og viste dette på kart.

Bakgrunnen for fredningssona i Sør var å legge til rette for kryssning av Bjørna særleg vestover. Erfaringane rundt denne fredningssona er som vist til i saksdokumenta at den har hatt mindre effekt enn sona i Nord. Leiar orienterte rundt erfaringar gjort i området.

Leiar orienterte rundt forslaget om endring rundt tillate teltplassar. Leiar legg fram at slik det er etter dagens forskrift og ordning virkar det å være tilrettelagt for at det kan teltes i ubegrensa omfang i dei same områder nærast der fredningssoner startar. Spesifikt er dette ved Hansbu, Naustet, Hovlandstølen og Bjørnavassbu. I tillegg er det tilbod om «enkel» transport inn til Hansbu ved å kunne få oppakning transportert inn på traktor. Leiar meiner fjellstyre bør vurdere om ikkje hyttene er overnattingskapasitet god nok i desse områda, for å begrense eventuelle jegerkonsentrasjonar.

Innspel om å ta enkelte teltplasser ut av forskrifta for å kunne regulere desse sjølv og heller dispensere som vist til i §3 i forskrifta om teltplassar. Diskusjon om korleis ein skal arbeida vidare med denne saka.

Spørsmål frå styremedlem rundt kvar det er meste jegerar under jakta på statsallmenningen. Diskusjon rundt dette og dei ulike rapporteringskanalane fjellstyre har for å kunne undersøke kva område som er mest brukt av jegerane under jakta.



Vedtak (sak 15/25)

Fjellstyre legger ut forslaget til justering av fredningssonene i Nord og i Sør, slik dei vart presentert under møte, på høyring med 3 vekers høyringsfrist.

Leiar og sekretær arbeidar vidare med å sjå på eventuelle justeringar av tillate teltplassar under jakta på statsallmenningen.

Samrøystes.

16/25: Reinsjakta 2025

Saksdokument:

- *Gjeldande ordningar for jakta*

Saksutgreiing:

Det har tidlegare blitt gjort vedtak om jaktlag, nattefreding, telting, fredingssoner og opplæringsjakt som gjeld inntil vidare. Fjellstyre må vedta ordningane som skal gjelde for reinsjakta på Ullensvang statsallmenning i 2025.

Jakttid

Villreinutvalet har foreslått jakttid 20. august til og med 21. september. Fjellstyret må ta stilling til om ein skal fylja forslaget frå villreinutvalet, eller om ein skal ha ei anna jakttid (innanfor jakttidsramma 20.8-30.9).

Kortpakkar og prisar

Vedtak om prisar og kortpakkar vart gjort under sak 12/25 på fjellstyremøte 01.04.2025.

Overføring av kort

Fjellstyret hadde i 2024 fyljande ordning:

Jegerar som er tildelt kort frå Ullensvang fjellstyre kan overføre kort til andre jegerar som har fått tildelt kort frå Ullensvang fjellstyre. Kort kan berre overførast ein gong. Jeger som har overført kort har ansvar for innlevering av korta til fjellstyret etter jakta.

Samjaktavtalar

Det har kome førespurnad om samjaktavtale frå dei private valda i Ullensvang, med ynskje om å vidareføre ordninga som var i fjor.

Fjellstyret har hatt ein avtale med dei private valda dei siste åra, som gir jegerar som er tildelt kort frå Ullensvang fjellstyre rett til å nytte kort frå dei private valda på statsallmenningen i siste del av jakta (i 2024 frå og med 2. september). Tilsvarande kunne desse jegerane nytte kort frå statsallmenningen på dei private valda i same perioden.

Fjellstyre har også ein samjaktavtale med Røldal fjellstyre med nye ordningar som vart vedteke i fjor som skulle gjelde til og med 2027 (sjå vedlagt saksdokument).



Fjellstyret forpliktar seg til å evaluere samjaktavtalen etter kvar år. Eventuelle erfaringar, både positive og negative, skal kommuniserast mellom fjellstyra.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Referat:

Jakttid:

Fjellstyre er samde om jakttida som villreinutvalet foreslår, som er 20.08 – 21.09.

Ordsifte

Innspel frå styremedlem rundt korleis ordninga med GPS – posisjonar fungerer og korleis det blir i år samt tidlegare praksis med oppheving av fredningssonene mot slutten av jakta.

Overføring av kort:

Diskusjon rundt dagens ordning

Fjellstyre er samde om at kort av kategoriane «fritt dyr» og «kalv» er personlege og ikkje kan overførast direkte til andre jegerar grunna intensjonen med ordninga der desse korta er forbeholdt unge jegerar og fyrstegongsjegerar. På jaktlag vil då kort av desse kategoriane ikkje kunne førast opp.

Innspel frå leiar om å ha kortreturordning for kort av kategoriane «fritt dyr» og «kalv», der desse kan leverast inn til fjellstyre med full refusjon fram til 1. september, deretter refusjon av halvpris ut jakta. Denne ordninga er kunn gjeldande så sant det er nokon «i andre enden» som ynskjer å ta imot desse korta og desse er i målgruppa for kunne mota slike kort (ungdom mellom 16 – 20 år og fyrstegongsjegerar)).

Fjellstyre var samde om at dette var ei god løysning.

Samjaktavtalar:

Britha Sandal var innhåil i saka om samjaktavtalar med dei private valda.

Innspel frå leiar om å vidareføre ordninga for samjaktavtalar med dei private valda på same måte som i fjor.

Leiar orienterte rundt dagens ordning med samjaktavtale med Røldal fjellstyre.

Innspel om å fylgje opp ordninga der ein kan «spare opp» år som ein kan ta ut kort hjå Røldal, dersom ein har år der fjellstyre ikkje tar ut kort frå Røldal i det heile.

Evaluering av ordninga slik den har fungert så langt. Det er så langt ikkje komme nokon innspel om korleis ordninga har fungert frå nokon av partane.



Vedtak (sak 16/25)

Fjellstyre vedtar jakttida 20.08 – 21.09.

Sekretær etterspør villreinutvalet om status for GPS – posisjonar for årets jakt.

Fjellstyre vedtek å vidareføre ordninga med overføring av kort.

Fjellstyre vedtek å ha kortreturordning for kort av kategoriane «fritt dyr» og «kalv», der desse kan leverast inn til fjellstyre med full refusjon fram til 1. september, deretter refusjon av halvpris ut jakta. Denne ordninga er kunn gjeldande så sant det er nokon «i andre enden» som ynskjer å ta imot desse korta og desse er i målgruppa for kunne mota slike kort (ungdom mellom 16 – 20 år og fyrsetgongsjegerar)). Sekretær og leiar arbeidar vidare med modell for oppsett på denne ordninga.

Fjellstyre vedtek å imøtekomme forespørselen om å vidareføre ordninga med samjakt med dei private valda.

Sekretær og leiar lagar oppsett på år ein har spart opp i forbindelse med samjaktavtalen med Røldal.

Samrøystes.

17/25: Driftsplan for fiske på Ullensvang statsallmenning

Saksdokument:

- *Utkast driftsplan for fisket i Ullensvang statsallmenning 2020-2023*

Saksutgreiing:

Ullensvang fjellstyre har tidlegare vedteke driftsplanar for fiske. Driftsplanane omfattar ei beskriving av fiskeressursane i statsallmenningen og seier noko om korleis ein skal forvalte desse i dei åra driftsplanen omfattar. Vanleg er at denne blir tatt opp igjen etter 4 -5 år og vurdert.

Dei siste åra har fjellstyre investert stort i tilrettelegging for auka fiske på statsallmenningen, med innkjøp av nye båtar, båtmotorar, fiskegarn og utstyr, fryseboksar mm..

Sakshandsammar meiner det difor det vil være hensiktsmessig å følgje opp med driftsplanar, prøvefiske og anna kultivering. Ved å utarbeide og publisere rapportar vil ein også halde brukarane oppdatert på ressursgrunnlaget.

Framlegg til vedtak:

Sekretær utarbeidar ny driftsplan for fiske på Ullensvang statsallmenning og presenterer eit utkast til fjellstyremøte i haust.

**Referat:**

Gjennomgang av saksutgreiing ved sekretær.

Orientering rundt ein eventuell driftsplan og bakgrunnen for å ha dette. Eksisterande utkast driftsplan for fisket i Ullensvang statsallmenning 2020-2023 har mykje positivt innhald. Sjølv om den aldri formelt var vedtatt, så har fjellstyre gjennomført mykje av det som var omtalt i planen. Blant anna betre tilrettelegging av moglegheit for tynningsfiske, utskifting av båtparken og motorar tilgjengeleg ved hytter.

Leiar og styremedlem var opptatt av at nytt utkast må byggja på same lest som det førre. Det vart uttrykt ynskje om å leggje til grunn frivilligheit, tilrettelegging og informasjon rundt korleis dette kan gjennomførast i praksis. Utdjuping ved sekretær rundt arbeid med kultivering og prøvefiske.

Vedtak (sak 17/25)

Sekretær utarbeidar utkast til driftsplan for fiske i statsallmenningen med utgangspunkt i saksdokumentet «Utkast driftsplan for fisket i Ullensvang statsallmenning 2020-2023» og marker eventuelle endringar i raudt.

Samrøystes.

18/25: Gjennomgang fiskereglar på Ullensvang statsallmenningSaksdokument:

- *Fiskereglar Ullensvang statsallmenning*

Saksutgreiing:

Fiskereglane som i dag er gjeldande for Ullensvang statsallmenning vart vedteke i 2022. Dei siste åra har fjellstyre investert stort i tilrettelegging for fiske i statsallmenningen, særleg for garnfiske. Dei gamle båtane er bytt ut og det er komt inn nye ved fleire vatn, fryseboksar er kjøpt inn til hyttene, nye garn m.m.

Ein ser det nå naudsynt å ha ein gjennomgang på gjeldande fiskereglar og sjå på eventuelle endringar, særleg opp mot punkt 15 og 16 ref. saksdokument, som går på antal fiskegarn og maskevidde det er lov å nytte i ulike vatn.

Eksempel på garnfiske-reglar hjå andre fjellstyre:

Eidfjord har mellom anna følgjande reglar:

«Generelt kan det fiskast med inntil 30 garn pr garnkort. I Tinnhølen og Kleivshovdtjørn kan det fiskast med inntil 10 garn pr garnkort, i Langavatnet inntil 15 garn pr garnkort.»



Røldal har mellom anna følgjande reglar:

Garna skal ha ei maskevidde som er større eller lik 35 mm (18 omfar) mellom knutane når garnet er vått, unnateke i vatn nemnd i spesielle reglar.

Det er tillate å fiske med inntil 5 garn, unnateke vatn nemnd i spesielle reglar

Det må nemnast at dette er generelle bestemmelsar, og at det er eigne reglar for enkelte vatn.

Når det gjeld sakshandsaming av endringar av jakt og fiskereglar står det følgjande i «Handbok for fjellstyre»:

«Når det gjelder fjellstyrets vedtak om jakt- og fiskeregler skal dette følge reglene for saksbehandling i fjelloven som er omtalt ovenfor. I tillegg skal de følge reglene i forskriften som er gitt til § 10: «**Forskrift om førehandsvarsling og om fjellstyrevedtak**» ([FOR-1983-06-08-1257](#)) og forvaltningslovens regler for enkeltvedtak. Vedtak om regulering av jakttid, kvote og jaktområde på bakgrunn av takseringsresultat er gyldige etter en uke jf. «**Forskrift om ikrafttredelse av fjellstyrevedtak**» ([FOR-2010-08-12-1171](#)). Øvrige vedtak er gyldig etter fire uker.

I tillegg til dette, er alle vedtak som fjellstyret gjør etter søknader fra enkeltpersoner enkeltvedtak etter forvaltningslovens regler. Dette gjelder også søknader om jakt og fiske, uavhengig av hvem søknadene kommer fra, og uavhengig av hvilke regler fjellstyret har fastsatt for jakt og fiske i statsallmenningen. Dette er hjemlet i fjelloven § 10, 1. ledd. Av § 10, 2. ledd går det klart fram at slike vedtak kan påklages til, og omgjøres av Miljødirektoratet. Når det gjelder enkeltvedtak etter fjellovens bestemmelser om jakt og fiske er Miljødirektoratet klageinstans.

I saker som gjelder fastsettelse av jakt- og fiskeregler vil både enkeltjegere og -fiskere, og jeger- og fiskeforeninger ha klagerett på fjellstyrets vedtak.».

I teksten over står det Miljødirektoratet. Det kan hende dette ansvaret i dag er deligert til Landbruksdirektoratet.

Framlegg til vedtak:

Ullensvang fjellstyre utarbeider forsalg til endringar av fiskereglane.

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiing og bakgrunn for saka ved leiar. Innspel frå leiar om å auke talet på tillate fiskegarn som kan nyttast i vatna frå 10 til 30. Einigheit i styre om dette.

Innspel frå leiar om å fjerne punkt 13. i fiskereglane som forbyr fiske nærmare enn 50 meter frå inn- eller utfalls-os Einigheit i styre om dette.

Orientering rundt ordninga med Røldal fjellstyre om fiskereglar i felles vatn



Leiar understrekar at dette var ei prøveordning som varte til 2022. Vidare diskusjon rundt eventuell vidareføring av ein slik avtale, med eventuelle justeringar.

Innspel om å endre punkt 15 for fiske i Holmavatnet og Tangasjøen med å endre maskevidde frå 39 til 35 mm tilsvarende fiskereglane til Røldal fjellstyre for dei gjeldande vatna. Einigheit i styre om dette.

Vedtak (sak 18/25)

Ullensvang fjellstyre utarbeider følgande forslag til endringar av fiskereglane:

- Innspel frå leiar om å auke talet på tillate fiskegarn som kan nyttast i vatna frå 10 til 30. Einigheit i styre om dette.
- fjerne punkt 13. i fiskereglane som forbyr fiske nærmare enn 50 meter frå inn- eller utfalls-os.
- Endringar i punkt 15. for fiske i Holmavatnet og Tangasjøen: Endre maskevidde frå 39 mm til 35 mm, tilsvarende fiskereglane til Røldal fjellstyre for dei gjeldande vatna. Einigheit i styre om dette.
- Leiar tar kontakt med leiar i Røldal fjellstyre om eventuell vidareføring av felles fiskereglar for vatna Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet.

Samrøystes.

19/25: Hytteutleige 2025

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Drøfting av diverse rundt årets hytteutleige.

Fjellstyre vedtok i sak 27/24 at ein skulle fjerne Langavassbu frå Inatur, og undersøke alternative løysningar fram til dette møte. Sekretær har vore i kontakt med Inatur for innspel.

Sekretær orienterer rundt innspel frå Inatur.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiinga ved sekretær.

Følgande innspel til alternative løysningar:

- Behalde hytta på Inatur – Brukarane må kontakte fjellstyre for å hente ut nøkkel



- Behalde hytta på Inatur – Brukerane må hente nøkkel i nøkkelboks ein stad i låglandet som er lett tilgjengleg. Fjellstyre endrar koden ofte, og oppdaterer koden på Inatur.
- Fjerne hytta heilt frå Inatur

Diskusjon rundt utfordringane med utleige av denne hytta og eventuelle løysningar.

Vedtak (sak 19/25)

Sekretær undersøker eventuell ordning med å ha nøkkelen til hytta på innbyggjartorget/biblioteket i Kinsarvik og/eller Odda.

Samrøystes.

20/25: Jegerkafé

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Fjellstyre arrangerte jegerkafé 14. august i fjor med foredrag frå Norsk villreinsenter, mattilsynet og NMBU. Om lag 60 personar møtte opp, og det vart servert bakverk og kaffi. Ein nytta også høvet til å dele ut jaktkort.

Arrangementet var vellukka og tilbakemeldingane var gode.

Fjellstyre vedtok i sak 24/24 å arrangere jegerkafé i 2025 også.

Korleis ynskjer fjellstyre å leggje opp årets jegerkafé med tanke på dato, foredrag, servering m.m.

Framlegg til vedtak

Ingen.

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiinga ved leiar.

Innspel frå leiar om å ha innslag som kan ha med fiske og fiskeforvaltning å gjere ettersom mange av brukarane som jaktar, også driv fiske i statsallmenningen.

Innspel frå styremedlem om å ha innslag om CWD, samt innslag frå Norsk Villreinsenter.

Det vart diskutert om ein kunne ha jegerkafeen på same stad som sist, då ein hadde gode erfaringar med dette lokale.



Innspel frå styremedlem om å ha innslag om slakting og partering, diskutert at dette kunne bli vanskeleg med tanke på om ein skal være i same lokale som sist.

Einigheit om å ha ein tilsvarende opplegg som i fjor med tanke på matsservering og at dato for gjennomføring.

Vedtak (sak 20/25)

Sekretær og leiar undersøker potensielle foredragshaldarar slik det framkjem i referatet

Leiar ser på dato for gjennomføring av jegerkafeen.

Samrøystes.

21/25: Revidering budsjett Ullensvang fjellstyre

Saksdokument:

- *Budsjett Ullensvang fjellstyre 2025*

Saksutgreiing:

Ullensvang fjellstyre bør revidere budsjettet då fjellstyre har blitt tildelt ein del gåvemidler for 2025, samt eventuelle andre endringar.

Orientering rundt dette ved leiar og sekretær.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Leiar orienterte rundt budsjettet til FH as og budsjettet til Ullensvang fjellstyre.

Innspel om å legge inn dei tilskota/gåvene fjellstyre er blitt tildelt i år inn fjellstyre sitt budsjett, som vist til i sak 13/25, samt legge inn dei estimerte kostnadane til desse prosjekta.

Vedtak (sak 21/25)

Fjellstyre vedtek å gjere endringar i budsjettet som vist til i referatet.

Samrøystes.



22/25: Eventuelt

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Prosjektplan båtvrakprosjektet:

Leiar har utarbeida prosjektplan for båtvrakprosjektet. Prosjektplanen må formelt vedtakast i fjellstyre.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Orientering rundt prosjektplanen for båtvrakprosjektet ved leiar.

Denne må formelt vedtakast i fjellstyre.

Vedtak (sak 22/25)

Fjellstyre vedtek prosjektplanen for båtvrakprosjektet.

Samrøystes.
